

# Beiteprosjektet i Vågslid, Vinje kommune

## 1) Bakgrunn og problemstilling

Då prosjektet "Beite som ressurs for landbruket og bygda" vart sett i gang i Agder-fylka og Telemark, hadde Vinje kommune ynskje om å få deltaka som ein av pilotkommunane. Det vart då tekje kontakt med grunneigarlag/faglag i ulike delar av kommunen, om nokon var interessera i å vere med i eit slikt prosjekt.

Vågslid Grunneigarlag var svært positive til å deltaka i eit slikt prosjektet. Då det i dag ikkje er husdyrbruk att i denne grenda, har attgroing av kulturlandskapet etterkvart vorte eit problem som ein ynskjer gjera noko med.

Vågslid er innfallsporten til Vinje kommune frå vest, og reiseliv / turisme er svært viktig for grenda, og eit opent og velstelt kulturlandskap er viktig ikkje minst i denne samanheng.

## 2) Mål for prosjektet

### Hovudmål

Målet for prosjektet er å leggje forholda til rette for at ein gjennom beiting kan reversere attgroinga av kulturlandskapet i Vågslid. Dette på ein måte som kan tene både grunneigaren/ grunneigarlaget, og husdyrhaldaren.

### Delmål

- Auke tilgangen på og bruken av beiteareal i Vågslid ved å knytte beiteareala saman ved bruk av beitegater / trasear.
- Utnytte kulturlandskapet som ein ressurs i utviklinga av det lokale reiselivet, gjennom samarbeid mellom landbruket/reiselivet

### **3) Målgruppe**

- 1 – Bønder / grunneigarar
  - \* eigerane av beitearealet
  - \* husdyreigerar
- 2 – Kommunen
- 3 – Aktørar i reiselivet
  - \* grunneigerar
  - \* andre bedrifter

### **4) Hovudaktivitetar**

- Betre infrastrukturen i beiteareala som er med i prosjektet ved gjerding, arrondering av teigar og system for transport / flytting av dyr mellom beiteområda
- Synleggjere kva orningar i den offentlege jordbrukspolitikken som er til hinder / hjelp ved utnytting av beite som ein ressurs i landbruket

### **5) Milepelar**

Oppstartingsmøte/ synfaring	26.03. 08	Representantar for prosjekteigerane – Bondelag / Bonde- og Småbrukarlag, Vågslid Grunneigarlag, husdyrhaldar og kommunen
Etablering av styringsgruppe	april	
Framlegg til Prosjektplan, avtaler mellom Grunneigarlag/ husdyrhaldar og prosjektet	08.05.08	Prosjektleiari / prosjektansvarleg, styringsgruppa
Møte for pilotkommunane og referansegruppe	14.05.08	prosjektleiari

Avtale underskrive av Vågslid Grunneigarlag – Husdyrhaldar og Beiteprosjektet	mai	prosjektleiar og styringsgruppe
Søknad til kommunen	mai	prosjektleiar
Klargjering av beitearealet, Synfaring for utvelging av beitearealet og naturlege trasear/gater for samanheng av teigar. Framstilling på kart. Utvelging av gjerdeutstyr med kostnadsoverslag.	våren 08	prosjektleiar, husdyrhaldar og grunneigarlag
Gjennomføring av prosjektet	beitesesongen 08 / 09	prosjektleiar, styringsgruppa
Undersøkje reglar for tilskot som kan koma prosjektet til gode	sommar 08	prosjektleiar
Gjennomgå reglar og ordningar i og utanfor jordbruksavtala med tanke kva som er til hinder / hjelp for betre utnytting av beite som ein ressurs	fram mot årleg forhandlingar	prosjektleiar
Oppsummering / evaluering – Prosjektrapport	fram mot prosjektavslutning haust 09	prosjektleiar / styringsgruppe

## **6) Kostnadar og finansiering**

Vinje kommune har gjeve landbrukskontoret ei ekstraløyving på kr. 300.000,- til dette prosjektet. Ein vil og frå kommuene si side prioritere dette prosjektet høgt ved tildeling av SMIL/STILK midlar. Ein har budsjettera med om lag 25% stilling til prosjektleiing. Satsar for møtegodtgjersle for styringsgruppa fylgjer satsar for andre kommunale møter. Det meste av kostnadane er knytt til opparbeiding av beiteareala og gjerdematriell.

<b>Budsjetterte kostnader</b>	<b>årleg</b>	<b>totalt, 2 år</b>
Prosjektleiing Møtegodtgjersle Beiteområdet		
<b>Sum</b>		

Finansieringa byggjer på ei fordeling mellom kommunen, fylkesmanne og departementet. Kommunen tek ansvar for den lokale prosjektleiinga, fylkesmannen for hovudprosjektet og LMD for gjennomføringa av pilotane / beiteområda. Beiteområdet vil bli tildela ein andel av midlane i høve til ei avtale med hovudprosjektet, i snitt kr.50.000,- x 2 år, eller ¼ av samla budsjett.

<b>Finansiering</b>	<b>årleg</b>	<b>totalt, 2 år</b>
Prosjektleiing BU-midlar		
Pilot / beiteområde LMD		
<b>Sum</b>		

## **7) Organisering og ansvarsforhold**

Prosjekteigar er Vinje kommune, og bondelaga / bonde- og småbrukarlaga i Agder og Telemark

Næringskontoret ved Thor Christiansen er prosjektansvarleg på vegen av eigar.

Tone Edland er tilsett som leiar av prosjektet.

Det vert etablert ei styringsgruppe for prosjektet som utover dette vert sett saman av representantar for dei ulike intressentane.

Styringsgruppa har då desse medlemmene:

Vinje Bondelag	ved Svein Gloppe
Rauland og Vinje Bonde- og småbrukarlag	ved Olav Rui
Vågslid Grunneigarlag	ved Odd Heggnes
Husdyrhaldar	ved Elisabeth Haugarne

## **8) Kvalitetssikring og resultatmåling**

Prosjektet er godt forankra i dei involvera partar. Både eigerane av beitearealet og husdyrhalderen er motivera for prosjektet, som vil vera ein vinn-vinn situasjon for begge partar. Dette er avgjerande for å nå dei målaein ynskjer for prosjektperioden.

## **9) Rapportering og formidling**

Sluttrapport ved fullført prosjektperiode, samt delrappport etter år 1.  
Formidle resultata frå prosjektet til dei som organiserar og representerar målgruppene.  
Ta opp / samarbeide med LMD om vidare formidling og spreining av erfaringane omkring organisering og gjennomføring av prosjektet.